



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
27.05.2013
Dykkar dato
25.02.2013

Vår referanse
2013/1060 - 561
Dykkar referanse
NVE 200801334-17, 200904547-13,
201003452-12, 201102452-12,
201208166-3,
200902797-4 ksk / biwi og dkj

Norges vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om løyve til å byggje Høgelida kraftverk, Vågsøy kommune

Vi viser til oversendinga datert 25.2.2013.

Fylkesmannen vurderer at prosjektet kan råke allmenne interesser som biologisk mangfald og landskap/friluftsliv, men at desse interessene i stor grad kan sikrast dersom planane vert noko justerte. For å oppretthalde produksjonstilhøve for anadrom fisk og elvemusling i Movasselve må avlaupet frå kraftstasjonen plasserast ovanfor vandringshinderet. Alternativt kan det utgreiast om eit meir miljøtilpassa vassføringsregime kan sikre levevilkåra for desse artane. Vidare må det stillast krav til at tiltaket vert godt tilpassa landskapet, og at arbeidet vert utført på ein mest mogleg skånsam måte med tilstelling etterpå.

Bakgrunn

Høgelida kraftverk i Maurstadvassdraget vil nytte eit fall på 205 m, med inntak på kote 340 og kraftstasjon på kote 135. Vassvegen på 1600 m er planlagt i røyr som vert nedgrave langs sørsida av Movasselve. Det er òg søkt om å få regulere Movatnet mellom LRV på kote 339,7 og HRV på kote 340,3. Det må byggjast om lag 450 m ny veg. Kraftverket vil ha installert effekt på 1,3 MW, med estimert årsproduksjon på 5,4 GWh årleg. Utbygginga vil redusere vassføringa over ei samla elvestrekning på 1600 m. Det er planlagt å sleppe minstevassføring på 90 l/s, tilsvarende alminneleg lågvassføring. Det må legglast om lag 500 m jordkabel til eksisterande kraftlinje. Søknaden skal handsamast som del av ei pakke på totalt seks småkraftsøknader i Vågsøy kommune og Vanylven kommune.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta vert lagde til grunn. Vår fråsegn er avgrensa til influensområdet som ligg i Sogn og Fjordane.

Vurdering

Naturtypar og biologisk mangfald

Kraftstasjonen er planlagt om lag 100 m nedanfor vandringshinder for laks og sjøaure. I naturutgreiinga står det feilaktig at vassdraget ikkje er lakseførande, og konsekvensar for

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

anadrom fisk eller elvemusling (*Margaritifera margaritifera*) er ikkje vurdert. Bestanden av elvemusling i Maurstadelva er spesielt verdifull ved at arten berre er registrert i tre av vassdraga i Sogn og Fjordane. Elvemusling er på lista over truga dyreartar i Noreg, med status som sårbar. I den nasjonale handlingsplanen for elvemusling heiter det: "*Målet for arbeidet med elvemusling i et langsiktig perspektiv er at den skal finnes i livskraftige populasjoner i hele Norge. Alle nåværende naturlige populasjoner skal opprettholdes eller forbedres*". Arten er også på Verdens naturvernunion si liste (IUCNs) over truga dyreartar og på Bern-konvensjonen si liste III over artar som det skal takast spesielt omsyn til, og i tillegg lista opp i EUs habitatdirektiv (vedlegga II og V).

Det er ikkje undersøkt kor stor del av den samla smoltproduksjonen i vassdraget som skjer i Movasselve eller om det er elvemusling på tiltaksstrekninga. For å oppretthalde produksjonstilhøve for anadrom fisk og elvemusling i Movasselve må avlaupet frå kraftstasjonen plasserast ovanfor vandringshinderet. Alternativt kan det utgreiast om eit meir miljøtilpassa vassføringsregime kan sikre levevilkåra for anadrom fisk og elvemusling slik det vart gjort for Maurstad kraftverk lenger nede i vassdraget. Det bør også etablerast omloppsventil.

Det er ikkje registrert andre raudlisteartar eller særskilt verdifulle naturtypar i eller knytte til elva. Vi vurderer potensialet for andre sjeldne artar enn elvemusling som lite.

Redusert vassføring vil også råke aure og annan vassfauna ovanfor vandringshinder for anadrom fisk, og tilstrekkeleg minstevassføring vil vere eit viktig avbøtande tiltak.

Fossekall vil verte råka på grunn av dårlegare mattilgong og hekketilhøve. Det er foreslege å etablere minst to predatorsikre hekkedassar på strekninga som avbøtande tiltak.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde (INON)

På tiltaksstrekninga renn elva i hovudsak gjennom skog, men landskapet er ganske ope og elva godt synleg på store delar av strekninga opp gjennom dalen. Det er ikkje markerte fossefall på strekninga. Redusert vassføring etter utbygging og dei tekniske inngrepa som inntaksdam, veg, røyrgatetrase og massetak vil påverke landskapsopplevinga negativt. Øvre delar av tiltaksstrekninga er godt synleg frå fjorden og frå fjellområdet ved Hornelen på Bremangerlandet rett sør for Nordfjord. Tiltaket kan dermed råke både regionale og lokale friluftsinntak. Dette stiller krav til at tiltaket vert godt tilpassa landskapet, og at arbeidet vert utført på ein mest mogleg skånsam måte med tilstelling etterpå. Tiltaket vil ikkje føre til tap av INON i Sogn og Fjordane.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologisk tilstand. Vi kjenner ikkje til relevante vasskvalitetsdata som kan seie noko om eventuell ureining i vassdraget. Dersom det vert tilført ureining på tiltaksstrekninga vil resipienten verte vesentleg redusert ved uttak av vatn til kraftproduksjon. Vi har dermed ikkje tilstrekkeleg kunnskap til å vurdere om tiltaket er lovleg etter ureiningslova og vassforskrifta. Dersom tiltaket likevel vert gjennomført og fører til skadar eller ulemper, må saka vurderast etter ureiningslova, og tiltakshavar kan verte erstatningspliktig.

Kraftstasjonen er planlagd bygd om lag 1 km frå næraste bustad. Av omsyn til friluftslivet må det leggjast vekt på støydempande tiltak knytt til kraftstasjonen. Støynivået må halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», jf. punkt 3.1 «Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse» og punkt 3.3 «Retningslinjer ved etablering av ny støyende virksomhet».

Når det gjeld anleggsfasen viser vi til ureiningslova §§ 7 og 8.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi: Vågsøy kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Direktoratet for naturforvaltning